



Austevoll kommune



Retningslinjer for opptak i barnehagar i Austevoll kommune

Gjeldande frå 01.01.2020 utarbeidd av private barnehagar og barnehagemynde i Austevoll

INNLEIING

Alle barnehagar i Austevoll kommune skal samarbeida om opptak av barn i barnehage ([Lov om barnehager § 12](#)).

Kommunen skal leggja til rette for ein samordna opptaksprosess, der det vert teke omsyn til barnehagane sitt mangfald og sin eigenart.

Brukarane sine ønsker og behov skal leggjast stor vekt på under sjølve opptaket.

Samordna opptaksprosess skal ivareta tre hovudformål:

- Samordninga skal bidra til ei effektiv fordeling av barnehageplassar ut frå søkjarane sine ønskje og behov.
- Samordninga skal sikra likebehandling av barn og likebehandling av barnehagar.
- Samordninga skal vera ein reiskap for kommunen i arbeidet med å syta for at det er nok barnehageplassar.

Opptaksprosessen skal vera i tråd med [Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage](#).

Retningsliner for opptak i barnehagar i Austevoll kommune skal gje søkjarar, barnehageeigarar og kommunen som barnehagemynde ein forsvarleg og effektiv opptaksprosess, der kommunen får eit reelt oversyn over tilbod og etterspurnad av barnehageplassar.

Kommunalsjef med ansvar for oppvekst har hovudansvar for samordna opptak i kommunen.

Eigarar av private barnehagar har ansvar for at opptaket vert gjennomført i tråd med retningslina.



RUTINAR FOR SAMARBEID MELLOM PRIVATE BARNEHAGER OG KOMMUNEN VED OPPTAK I BARNEHAGAR

1. Austevoll kommune tar i bruk Vigilo som verktøy for å handtera opptak til barnehagane frå januar 2020. Lenkje til å søke plass blir lagt på nettsida til kommunen under menypanelet Barnehage.

Der ligg også [informasjon og søknadsskjema](#) for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 2-, 3-, 4- og 5 åringer.

På nettsida finn du også [informasjon om tilbod til barn med spesielle behov](#).

2. Barnehagane har ansvar for at barnehagen sine publiserte vedtekter til ei kvar tid er oppdatert. Lenkje til vedtekter er publisert på barnehagen si nettside på www.austevoll.kommune.no og i informasjonen om den enkelte barnehage i Vigilo.
3. Barn som søker overflytting mellom barnehagar i kommunen eller ønskjer å endra plasstorleik, må søkje om dette innan 1. februar. Dette skal gjerast i foreldreportalen i Vigilo. Kjenngjering om dette vil du finne på nettsida til Austevoll kommune, på barnehagen sin informasjonskanal og på Facebook. Kunngjeringa skal gjerast innan midten av januar.
4. Søknad blir behandla før opptaket med søknadsfrist 1. mars startar.

Resten av året blir søknad om bytte av barnehage behandla etter kvart som den kjem inn. Du har ingen automatisk rett til å bytte barnehage. Vedtekter i den enkelte barnehager opplyser om oppseiingsfrist for den barnehagen. Ta kontakt med barnehagen om du har spørsmål til dette.

5. Austevoll kommune har ansvar for å informera om når du kan søka om barnehageplass med ønske om oppstart av nytt barnehageår. Dette vert gjort i Marsteinen, på nettsida til Austevoll kommune og på Facebook. Kunngjeringa skal gjerast innan første veka i februar.
6. Samordna opptak har søknadsfrist 1. mars kvart år. Alle barnehagane er med i gruppa som behandlar søknader som kjem inn.
7. Tildeling av plassar vert gjort ut gjeldande lovverk, opptakskriteria i kommunen, opptakskriteria den enkelte barnehage har i vedtektene.
8. Samordning av opptaket skal kvalitetssikra at barn med fortrinnsrett til barnehageplass etter Lov om barnehagar § 13 får eit tilbod. Dette gjeld barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
Dokumentasjon på dette må du senda inn som vedlegg til søknaden, alternativt kan du sende dokumentasjonen til Austevoll kommune, Birkelandsvegen 2, 5392 Storebø så

raskt som mogleg etter at søknad er sendt inn.

Merk vedlegg: Dokumentasjon til søknad om barnehageplass.

9. Det er bare i søkjarar som har sendt inn søknad innan kommunen sin søknadsfrist som har klagerett.
Klage på avslag om barnehageplass blir behandla når den kjem inn. Aktuell barnehage vert kontakta. Klaga skal sendast til Austevoll kommune.
Fylkesmannen er klageinstans om ikkje klaga vert teke til følge.
10. Treng du hjelp til utfylling eller har spørsmål om søknad om barnehageplass, kan kontakta servicekontoret på tlf 55 08 10 00 eller den enkelte barnehage.

AKTIVITET OG ANSVAR

Når	Kva	Korleis	Ansvar
1.januar	Informasjon om overflytting/endra plasstorleik på www.austevoll.kommune.no	Marsteinen, Facebook, på www.austevoll.kommune.no og i kommunikasjonskanalen til barnehagen	Austevoll kommune og barnehage
1. februar	Informasjon om hovedopptak på www.austevoll.kommune.no	Marsteinen, Facebook og nettsida	Austevoll kommune
Fortløpande	Nye søknader vert dagleg overført barnehagane i Vigilo og importert til arkivsystem i kommunen (Acos WebSak)		Austevoll kommune
Mars	Opptaksmøte	Opptak av barn som har søkt om barnehageplass innan kommunen søknadsfrist og som ønskjer plass ved oppstart nytt barnehageår.	Barnehagane og Austevoll kommune
Mars/april	Austevoll kommune sender ut brev med tilbud om barnehageplass og ev. brev med avslag på søknad om barnehageplass		Austevoll kommune
Fortløpande	Søknader utanom samordna opptak: For at føresette skal få svar så raskt som mogleg må: a) Barnehagen som er prioritert som nr 1 tildeler plass om det er ledig kapasitet i barnehagen ut frå norm for areal, bemanning og pedagog. b) Dersom denne barnehagen ikkje har ledig kapasitet, tar barnehagen kontakt med prioritert barnehage nr 2, ev. nr 3. som tildeler plass. c) Dersom det ikkje er ledig kapasitet i dei prioriterte barnehagane, må Austevoll kommune få melding om dette slik at barnet ev. kan få tilbud i andre barnehagar.		Barnehage

LOVFESTA RETT TIL BARNEHAGEPLASS

Lovfesta rett til barnehageplass gjeld for barn mellom 1- 5 år, jf. §12a i barnehageloven.

Søknadsfrist til opptaket blir fastsett av kommunen.

Retten, i følgje barnehagelova er at:

- Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad innan fristen for hovedopptaket rett til å få plass i barnehage frå august.
- Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år i samsvar med barnehagelova med forskrifter.
- Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett i ved oppstart i barnehagen.
- Retten gjeld innad i kommunen, ikkje i ein bestemt barnehage.

BARNEHAGEPLASS, PRIORITET OG KLAGE

Barn frå 0 til 5 år som er busett i kommunen kan få tilbod om plass. Lovfesta rett til plass gjeld frå 1 til 5 år. Ved ledig plass kan private barnehagar gi plass til barn busett i andre kommunar dersom barnehagen har dette vedtektsfesta.

Desse blir prioritert ved opptak:

- Barn med nedsett funksjonsevne
- Barn som barneverntenesta har overtatt omsorga for
- Barn som har behov for hjelpetiltak frå barneverntenesta.

I Austevoll vil barn som har ekstraordinære belastningar i heimen, t.d. der føresette eller søsken, har ein funksjonshemming eller har langvarig alvorleg sjukdom, bli vurdert om dei skal prioriterast. Dette er ikkje ein automatisk rett du har.

Du må laste opp dokumentasjon på dette som vedlegg til søknaden eller sende dokumentasjonen til Austevoll kommune, Birkelandsvegen 2, 5392 Storebø så raskt som mogleg etter at søknaden er sendt inn. Søknaden blir ikkje behandla som prioritert søknad før dokumentasjon er motteke.

Kommunen oppfyller retten til barnehageplass på tre måtar:

- Barnet får første ønske oppfylt
- Barnet får andre ønske oppfylt
- Barnet får tilbod i ein annan barnehage i kommunen

Ved ønske om barnehageplass med oppstart frå januar til juli, og søknaden er sendt inn etter 1. januar, kan du få tilbod dersom barnehagen har ledig kapasitet.

Dersom barnehagen ikkje har plass, kan barnet få tilbod i andre barnehagar med ledig plass.

- Dersom du ikkje tar i mot plass i tilbuddt barnehage, blir søknaden din annullert.
- Dersom du tar i mot plass i annan barnehage enn den du har prioritert, kan du sette deg på venteliste og søknaden vil bli handsama saman med andre søkjarar i samordna opptak.

Klage

Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søkjar kan også klage dersom søkjar verken får sitt første eller andre ønske oppfylt. Ved supplerande opptak utanom hovedopptaket kan berre søkjarar som har lovfesta rett til prioritet, klage.

Klagefristen er normalt 3 veker frå du mottok vedtaket.

Klaga skal du du til den instansen som har fatta vedtaket, *Austevoll kommune, 5392 Storebø*, jf. § 9 i forskrift saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehagen.



